

Lokalavisa for Ryfylkeøyane

Nyheter →

Feira høgteknologisk butikk på Skartveit

Anita Ørnes og familien hennar kunne endeleg invitere til nyopning av Joker Skartveit i ei meir moderne drakt.



Wenche Ørnes klipper snora då butikken blir offisielt opna. Frå venstre: Rebecca Halvorsen, Wenche Ørnes, Lars Helgeland og Carina Ørnes. **FOTO:** SILJE TALGØ KLAKEGG



Oppdatert: 4 dager siden

Ein strålende 16. mai blei det invitert til kake og kaffi i nærbutikken på Halsnøy, og den raude løparen var rulla ut for høvet. Butikken er testa og alt fungerer så det skal, så no er det på tide å feire.

– Det kjem nok ikkje så mange, sidan dei fleste er på jobb, sa Ørnes til Øyposten før festen, men då klokka slo 13, hadde rundt 30 personar sett seg rundt borda utanfor butikken. Dei kom for å få kake, men også for å støtte opp om butikken.



Kake frå Joker. **FOTO:** SILJE TALGØ KLAKEGG

Kom frå Merkur

Lars Helgeland frå Merkur var til stades på festen og haldt tale for dei frammøtte.

– Ørnes har investert i overkant av ein million kroner for å gjere butikken meir tilgjengeleg for kundane, sa han:

– Det er ikkje til å leggje skjul på at det er utfordrande å drive butikk på ein så liten plass som Halsnøy, for kundegruppa er svært avgrensa, men her har dei klart det. Det er viktig at de framleis handlar heime, og no blir det mykje enklare å få til, sidan

opningstida med sjølvbetent butikk gir fleire moglegheiter for å stikke innom for ein lokal handel.

Han får ei omvising i butikken, og er imponert over kva dei har fått til med det vesle kundegrunnet dei har.



Lars Helgeland frå Merkur-programmet får omvising i butikken av Anita Ørnes. **FOTO: SILJE TALGØ KLAKEGG**

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN

An advertisement for Agder Regnskap as. The top part features the company logo, which includes a gear icon and the text "Agder Regnskap as" and "AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSKAP" next to a red and white checkmark icon. Below the logo is a photograph of a desk with a laptop displaying a software interface, a notebook, a pen, and a mug. The bottom part of the advertisement has a blue background with the text "Trenger du hjelp til regnskapet i Visma eAccounting?" and a red background with the text "Book konsulenttime hos oss!" followed by a white arrow pointing to the right.

Meir sal

Ørnes fortel at salet har tatt seg opp etter at butikken blei sjølvbetent.

– Det er nok mange som set pris på å kunne handle i fred og ro etter at dei har kome heim, i staden for å handle i full fart før ferja går frå Judaberg. Då opningstida var meir avgrensa, var det kanskje den moglegheita dei hadde for å få fatt i mat på kveldstid, seier ho:

– I tillegg er det folk som har vore her og arbeida som kanskje stikk innom for snacks til turen heim, og mange kjem også innom Skartveit i fritidsbåtar for å kjøpe is når det er fin vêr.



Gunn Eike forsyner seg med kake. No kan Tor angre på at han ikkje blei med. **FOTO:** SILJE TALGØ KLAKEGG

Ulike årstider

Ho vonar at dei lengre opningstidene vil stoppe noko av handelslekkasjen.

– Sommar og vinter er ikkje det same for oss på Joker Skartveit. Omsettinga stig enormt om sommaren, og det er dette som gjer at me har overlevd som nærbutikk,

legg ho til.

Etter talar klippa Wenche Ørnes snora, og den høgteknologiske butikken var offisielt opna. På innsida finn du no kasse for sjølvbetening, men også ei hybridkasse.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



– Me er den første butikken i Norgesgruppen som tek denne i bruk, seier Anita Ørnes og syner korleis dei når beteninga går heim kan snu kassa og gjere ho om til ei kasse for sjølvbetening.



Anita Ørnes fortel at dette er ein heilt ny type kasse. Hybridkassa kan nyttast både som vanleg kasse og til sjølvbetening. **FOTO:** SILJE TALGØ KLAKEGG

Kaffi og kake

Det blir kake, kaffi og is til alle, og drøset går lett blant halsnøybuar som tydeleg visar at dei set stor pris på å ha butikk på øya. Også barnehagen har tatt turen til butikken for å bli me på feiringa.

– Me har nettopp gått i tog, fortel pedagogisk leiar Mona Langeland:

– Så no passa det å ta turen hit for å bli med på feiringa.

Ungane er ikkje så opptatt av kva dei feirar, men om nokre år, når dei skal bestemme seg for om dei vil bli buande på Halsnøy, kan det nok hende at dei set pris på å ha ein butikk i nærleiken.

Publisert: torsdag 16. mai 2024 kl. 15:00

Oppdatert: 4 dager siden



UTFORSK TEMA:

HALSNØY

BUTIKK

NORGESGRUPPEN